



AUF i Hordaland v/ Henrik Drivenes
Lars Hillesgt. 19
5008 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2421 - 18/33934

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

12.11.2018

Svar vedk. søknad om lån av skulen til kurs 30.11.18 - 02.12.18

Viser til førespurnad om lån av rom på Alversund skule for AUF helga 30.11.18 til 02.12.18.

Skulen gjev tilgang til fylgjande rom:

Trimrom med garderobar og dusjanlegg
Kjøkken, naturfagrom, bibliotek, samt ein del klasserom

Fylgjande dokument er vedlagt:

UTLÅN AV SKULEROM
Branninstruks Alversund skule v/overnatting
Instruks for leige av lokaler - overnatting

Skulen bed om å få fylgjande signerte dokument i retur:

Instruks for leige av lokale – overnatting

Vi sender inn skjema til brannvernet vedkomande overnattinga, der blir Leonora Hjelle oppført som ansvarleg brannvakt. Ho må då ringje til brannvesenet på overnattingsdagen. De vil få sendt kopi av skjemaet eg sender inn, og der vil de finne telefonnummeret til brannvesenet. Det må vera vakande nattevakter.

Ellers må de sjølvstøtt sørge for opprydding, reingjering og fjerning av alt bross. Dette kan kastast i containeren som står i rundkjøringa framafor skulen.

Det er særst viktig at ytterdørene blir haldne låste mest mulig medan de er her, slik at ikkje uvedkomande kjem seg inn i bygget.

Vi gjer også oppmerksom på at røyking og bruk av rusmidlar ikkje er tillete i bygningen eller på skulen sitt uteområde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Nøklar kan hentast på kontoret på skulen, og vi ber om at dei blir henta før kl. 12.00 fredagen.

Vi vil ynskje dykk velkomne til Alversund skule, og håpar de får ei triveleg helg saman her.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

AUF i Hordaland v/ Henrik Drivenes Lars Hillesgt. 19 5008

BERGEN